

RADØY *nytt*



Livreddaren



Økonomi	Side	3
Helse og omsorg.....	Side	4-5
Kultur og fritid	Side	6-7
Barn og ungdom.....	Side	8-9
Ledige stillingar og nytilsette ...	Side	10-11
Nytt frå Manger sentrum	Side	12



RADØY *nytt*

vert utgjeven av Radøy kommune.

Hovudansvarleg for innhald:
Rådmann Christian FotlandRedaktør:
Kulturkonsulent Rune RydlandRedaksjonskomitee:
Ass. rådmann Leif Taule
Rådgjevar skule og oppvekst Helge VallestadLayout og sats:
Konvoi ASTrykk:
Trykk-Service - 5914 IsdalstøKommune-
rosa

Øystein Mongstad
– mangeårig
sosialleiar i Radøy
kommune har fått
kommunerosa.
Øystein har permi-
sjon frå stillinga
i Radøy kommune

for å arbeide med samfunnsbygging og utvikling i Mongolia. Radøy kommune ynskjer lukke til med arbeidet og takkar så langt for flott innsats i kommunen!

RADØY NYTT FRAMSTÅR I NY DRAKT Me er stolte over produktet og me vonar innbyggjarane set pris på informasjonen frå kommunen. Å kome med informasjon til innbyggjarane vert viktigare og viktigare.

Frå 1. juni vil kommunen kome med heilsides annonsar i avisa Nordhordland ca. kvar 14. dag. Dette gjer me for å gje deg som innbyggjar eit innblikk i kva som rører seg i kommunen. Me vil kome med kunngjeringer, stillingsannonsar, opplysningar og generell informasjon. Annonsa vert sjølvsgagt i gjenkjennande layout som Konvoi og Mai-Liss Sylta har utarbeida.

SOSIALKONTORET HAR FLYTTA Sosialkontoret flytta 13. mai til NAV-Radøy og Offisiell opning vert 5. juni, men allereie no vert besøksadressa COOP-bygget i Manger senter. Nytt telefon nummer til NAV Radøy vert 56 34 90 80. Sjå elles intervju med NAV-leiar Annie-Lise Mjåtvedt på baksio.

KRAFTLINE OVER RADØY er ei av fleire viktige saker som kommunen arbeider med. Folkemøte på Sletta i samband med høyringsuttale til NVE vert i denne samanhengen svært viktig for kommunen. Kommunen vil invitere personar, lag og organisasjonar til å kome med innspel til Radøy kommune vedk. høyringsuttalen. Fristen for å kome med innspel er 19. mai.

EIGEDOMSSKATT er som kjent for mange også tema. Denne saka skal endeleg avklarast i kommunestyret 29. mai.

KØ PÅ TELEFONLINA TIL LEGESENTERET har lenge vore eit stort problem. Me arbeider kontinuerleg med å betre situasjonen. Dersom du ikkje har behov for akutttime kan du nytte deg av elektronisk timebestilling på www.radoy.kommune.no

Elles nyttar eg høve til å takke alle frivillige som har stått på i samband med kulturdagane i Radøy. Ei massemonstring og eit allsidig kulturliv bassert på frivillighet gir ein levande og god kommune å bu i og eg er imponert over alle tilboda som dei ulike lag, organisasjonar, og enkeltpersonar tilbyr kommunens innbyggjarar.

CHRISTIAN FOTLAND
RÅDMANN

*Kraftline over Radøy
er ei av fleire viktige saker som
kommunen arbeider med.*

Hundre tusen til
klima

Radøy kommune må sjølv ta klima-ansvar uavhengig av nasjonale mål og tiltak.

Difor skal me no utarbeida ein forpliktande kommunedelplan for klima og energi. Enova har løyva kommunen 100 000 til tiltaket. Me ønskjer å påverka dei val som vert gjort i lokalsamfunnet for å sikre energieffektive og miljørette løysingar.

Målet vårt er at haldningar, energi- bruk, lokal produksjon og klima/miljø går hand i hand.

Radøy kommune vil samarbeide med dei andre kommunane i regionen for å også få med tiltak som går på tvers av kommunegrensene.

*Målet vårt er at
haldningar, energibruk, lokal
produksjon og klima/miljø
går hand i hand.*

Kommunen ut i balanse

Radøy kommune fekk eit overskot på kr 38 000 i 2007. Eit forventa resultat seier økonomisjef Sveinung Kvamme til Radøynytt redaksjonen. Han har sidan september sagt i ulike samanhengar at kommunen vil gå i balanse i 2007, og hans analysar har slått til så godt som 100%.

I åra framover vil kommunen gjere store investeringar. Ny sjukeheim og ny skule gjer at kommunen må ta opp store lån. Politikarane skal i løpet av våren ta stilling til korleis dei auka kostnadane for kommunen skal finansierast.

Endring i innbetaling av
kommunale gebyr

Frå 2008 vert det sendt faktura for kommunale gebyr for vatn, avlaup og slam 3 gonger for året.

Forfall er 1. mars, 1. juli og 1. november. Feiegebyr vert fakturert med forfall 1. november. Feiegebyret dekkar både feiing og brann- tilsyn, og skal betalast av alle som eig hus der det er montert eldstad/pipe.

Renovasjon vert som før fakturert frå NGIR, og her vert det ingen endring i faktureringsstidpunkta.

SVEINUNG KVAMME, ØKONOMISJEF

Ein
kvalitets-
kommune

Radøy kommune byrjar å få sving på kvalitetskommunearbeidet. Kommunen arbeider no aktivt med kvalitetsforbetring med fokus på pleie og omsorg og oppvekst. Fire einingar er vald ut som "fyrtårn" og me er i gang med eit utruleg spanande arbeid.

Målet er å auka kvaliteten og effektiviteten på det kommunale tenestetilbodet, og at innbyggjarane skal merka at det vert betring.

Prosjektet har ei styringsgruppe som vert leia av ordføraren, arbeidsgruppe med mellom anna rådmann og hovudtillitsvalde. Me har også ei fyrtårnsgruppe bestående av tillitsvalde og leiarar i Heimetenesta, Sæbø barnehage, Radøy ungdomsskule og Manger skule.

Radøy legesenter får ny *hjertestartar*



Frå venstre kommunelege Ingmund Kvinge, leiar i Manger helselag, Bjørg Skiftesvik og kontorleiar Bente Bø Taule

Radøy legesenter fekk i februar overrekk ein ny hjertestartar hjå Manger helselag.

Manger helselag tok allereie i 1990 initiativ til ein innsamlingsaksjon med sikte på å få hjertestartar i kommu-

nen. Responsen var stor og det endte med at det vart nok pengar til to hjertestartarar.

No har desse blitt såpass gamle at ein har fått råd om å bytta dei ut. Helselaget bestemte seg då igjen for å finansiera hjertestartar og har no brukt ca 25.000 kroner på dette.

Radøy legesenter rettar ei stor takk til både helselaget og alle som ved å kjøpa lodd hjå dei har støtta dette kjøpet.

INGMUND KVINGE
Fagleg ansvarleg ved radøy legesenter

BENTE BØ TAULE
Kontorleiar

Støttekontakt – noko for deg?

Treng du ein gjevande og hyggjeleg fritidsaktivitet der du får litt godtgjersle, kan det å stilla opp for andre som støttekontakt eller besøksheim, vera noko for deg!

Radøy kommune treng støttekontaktar og besøksheimar til menneske i alle aldersgrupper, som har særleg trong for støtte grunna funksjonshemming, utviklingshemming eller psykiske eller sosiale problem.

Støttekontakt
Som støttekontakt brukar du eit par

timar i veka på å vera saman med eit barn, ein ungdom, ein vaksen eller ein pensjonist. Det viktigaste er å halda personen med selskap, t.d. ved å gå på kino, kafé, tur eller trening. Du må vera mellom 18 og 80 år for å kunna vera støttekontakt.

Besøksheim
Nokre familiar har trong for avlastning og treng besøksheimar til barnet eller barna sine. Å vera besøksheim inneber å opna heimen din og ta imot eit barn (eller to) i eit par dagar, vanlegvis ei helg i månaden. Det er trong for stabile og trygge heimar gjerne med eigne born.

Oppfølging og godtgjersle
Som støttekontakt eller besøksheim vil du få opplæring, rettleiing og oppfølging. Du får godtgjersle etter Radøy kommune sine satsar, og du får stønad til dekking av kjøring. Og sist, men ikkje minst – du hjelper nokon til å få eit rikare sosialt liv.

Kontakt
Dersom du er interessert i å bli støttekontakt eller besøksheim, kan du ringja Radøy kommune tlf. 56 34 90 80 eller 56 34 92 80.

Korleis søkje om sjukeheims plass?

Inntaksnemnda har møte kvar 3. veke, og søknader som skal takast opp, må vere kome inn til kommunen ei veke før møtet.


Nemda vert leia av lege Ingmund Kvinge, fagleg leiar ved Radøy legesenter. Heimenesta er representert ved einingsleiar Johnny Brattetaule, Velferdssenteret ved ass. einingsleiar Marie Lovise Vetås, og Hordabøheimen ved einingsleiar Anne Berge Brattetaule. Bjørg Murberg er sekretær, og Nina Kvamme Leknes, rådgjevar helse og omsorg har møterett.

Du kan søkje om langtidsopphald, trygde- og omsorgsbustad, rehabiliteringsopphald og avlastingsopphald i institusjon.

Rådgjevar i Radøy kommune Nina Kvamme Leknes seier at søknadane vert behandla etter lov om helsetenester i kommunane (institusjonsopphald) og lov om sosiale tenester (bustad og avlastingsopphald).

Søknadsskjema finn du på Radøy kommune si heimeside, helse og omsorg – der ligg skjemaet heilt til høgre i biletet. Ein kan henvende seg til heimenesta, tlf 56 34 91 91, eller ta kontakt med Sørvisorget, tlf 56 34 90 00.

Dersom du ynskjer meir informasjon kring lovverk og prosedyrar kring desse søknadane, sjå heimesidene våre, eller ta kontakt med Nina Kvamme Leknes på tlf 56 34 90 13.



Aase har funne seg vel tilrette på kontoret sitt på Rådhuset.

Interkommunalt butilbod for psykiatriske langtidspasientar

Radøy kommune arbeidar med å opprette eit interkommunalt busenter for psykiatriske langtidspasientar. Aase Frammarsvik er prosjektleiar. Ho seier til Radøy nytt redaksjonen at tiltaket vil vere oppe å gå til januar 2009. I utgangspunktet har tiltaket 9 plassar og skal ha lokaler i DPS-byningen på Manger. Aase fortel at utskrivingsklare pasientar frå Helse

Bergen skal overførast til kommunehelsetenesta og det er i den samanheng bu-senteret vert oppretta. Så langt har fem kommunar sagt seg interessert i å vere med på tiltaket. Aase seier at det vert viktig å leggje til rette tiltaket slik at bebuarane opplever dette som sin heim. **Har du spørsmål om tiltaket kan du ringe Aase på tlf. 56 34 90 38.**

Aktivitetsenter på Manger

I haust starta kommunen opp med eit prøveprosjekt der ein laga til aktivitetssenter for personar med nedsett funksjonsevne.

Dei som får delta er personar med utviklingshemming eller anna funksjonsnedsetjing, som gjer at ein ikkje kan delta i det vanlege arbeidslivet. Tilbodet er så vellykka at kommunen no gjer det om til eit fast ordning. Åtte personar får tilbod ved senteret som held til i leigde lokale ved tidlegare Radøy Sjukeheim. På aktivitetssenteret har ein ulike aktivitetar som musikkundervisning, terapibasseng, mm. Ein gong i veka reiser deltakarane på gardsbesøk og er med på litt av gardslivet med stell og foring av dyr. Vernepleiar Bjarnhild Myhre er tilsett som leiar ved senteret.



Solve Borgund og Beate Vetås



Roymund Vågenes og burettleiar Åse Kristine Lid Kolås

Glimt frå

Kulturdagane

ØVERST FRÅ VENSTRE: • Kulturdagane vart opna av Charlotte Tunes og Magnus Christensen frå Radøy ungdomsråd
• Tromme-Martin i Excalibur gav alt • Mari Boine gav dei frammatte ei fantastisk musikalsk oppleving • Hugsar du Tempo-motorsyklane? Jan Åge Storheim har mange av dei.

UNDER: • Det var populært med gratis basseng på aktivitetdagen • Nordhordland Husflidslag sine gjestar frå Manddalen • Seks par frå Strileringen dansa i Prestegardshagen • Høg kvalitet på dei unge solistane som presenterte seg i Manger kyrkje • Kvifor frysa ute når du kan padla i sydentemperatur i bassenget i Radøyhallen.



• Arild Haugsvær er vokalist i rockegruppa Brunost frå Masfjorden
• Endre Vetås Rydland gjorde ein god innsats i Manger kyrkje
• Roger Gjerstad orienterer om utstillingane på Radøy Kunst Senter

• Godt frammatte under husflidsmessa i Radøyhallen • Arne Bø frå Heimalanné trekte fulle hus på Hella skulestove, og publikum fekk valuta for pengane • Pensjonistane kosar seg på "treff" i Prestegarden • Guttorm Storheim starta opp gamle "Halifax'n"

BAKGRUNNSBILETE: Skum-skum-skum-skum-skum-skum-skum-skum-skum-skum-skum i Radøyhallen



Kulturprisen 2008

Formannskapet i Radøy vil også i år dela ut kulturpris.

Kulturprisen skal gå til ein-skild-personar, grupper eller lag med tilknytning til kommunen, og vert gjeven for aktivt frivillig kulturarbeid over lengre tid, eller for forteneffulle ein-skildtiltak innan det utvida kulturbegrepet. Alle innbyggjarane i Radøy kommune kan koma med framlegg på kandidatar.

Fristen for å koma med framlegg er 10. august 2008.

Framlegget skal vera begrunna og skal sendast til:

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 Manger

JON ASKELAND
ordførar

Tidlegare kulturprisvinnarar i Radøy:

1985	Petter Johan Ottesen
1986	Sivert Halland
1987	Manger Musikklag
1988	Nils Gjerde
1989	Klara Skage
1990	Gunnstein Kolstad
1991	Arne Villanger
1992	Nils Skjelanger
1993	Mally Kjeseth
1994	Sven Hermansen
1995	Rolf Haugland
1996	Olav R Tjore
1997	Oddmund Skjelvik
1998	Bård Koflath
1999	Knut Kopperdal
2000	Berit Kvalvik
2001	Tommy Urhaug
2002	Ingebjørg Kolstad
2003	Meinert Helland
2004	Magnar Fjeld
2005	Manger Skulemusikklag
2006	Guttorm Storheim
2007	Manger Folkehøgskule

Informasjon frå Frivilligsentralen

Internasjonalt matkurs

Kvar onsdag har me internasjonalt matkurs i Gamle Doktorgarden. Her møtest kvinner frå ulike land. På omgang har kursdeltakarane ansvar for å lage mat frå sitt heimland. Under fellesmåltidet vert me betre kjend med kvarandre og med dei ulike kulturane me kjem frå. Dette er eit samarbeid med LHL Radøy. Dersom du vil vere med, ta kontakt på tlf 56 34 90 30.

Reparasjon/kopiering av gamle foto

Dersom du har gamle, skadde foto liggjande heime i ei skuffe, kan du no få dei reparert/kopierte. Ein av våre frivillige medarbeidarar har godt utstyr og lang erfaring med slikt arbeid. Ta fotografia med deg og kom innom/ring Frivilligsentralen, så skal me hjelpe deg!!

Ut på tur!

Om måndagane vert det arrangert turar rundt på øya. Dersom ikkje anna vert annonsert i lokalavisene, er frammatte ved Prestegarden kl 10.30. Me prøver å tilpassa turane til dei frammatte. Difor legg me opp til ein kort tur, og ein lengre tur for dei som ynskjer det. Det er viktig å ha godt fottøy og å kle seg etter veret.

Ferielubben

Radøy kommune har nå oppretta eit tilbod om sommarope SFO. Dette tilbodet erstattar no ferielubben som tidlegare har vore i regi av frivilligsentralen.

Nytt skulebibliotek på Austebygd skule



Tysdag 5. februar var det offisiell opning av nytt skulebibliotek på Austebygd skule. Då hadde arbeidet med å laga til dei nye bibliotekslokala og klargjering av mediasamlinga for web-utlån halde på sidan våren 07, og både vaktmeister, elevar og lærarar hadde lagt ned ein stor dugnadsinnsats!

Biblioteksjef Anne Elisabeth Waage sto for den offisielle opninga og fekk det ærefulle oppdraget å "klippa snora". Etter talar, overrekking av blomar og bokgåve, opna tilsett i Radøy bibliotek, Unni Ystebø, adgangen til Aleph web-utlån og elevane kunne ta det nye lånesystemet i bruk.

Ein stor dag både for Austebygd skule og Radøy bibliotek!

Ungdomen si kulturmønstring 2008

Radøy hadde med 4 innslag under fylkesmønstringa i Grieghallen 12. og 13. april. Syskinparet David og Lydia Hoen Tjore, metalgruppa Excalibur og Frode Skag Storheim. Alle gjorde ein framifrå innsats. Lydia og Frode vart teken ut til å representera Hordaland fylke under landsmønstringa i Trondheim fredag den 20. juni. Radøy kommune gratulerer og ønskjer lukke til i landsmønstringa.



Frode

Lydia

Innskriving på Manger

Innskriving og førebuing for skulen for dei som skal ta til på skulen hausten 08.

Alle elevane kjem til innskriving saman med føresette i løpet av januar. Dei skriv seg skikkeleg inn på skulen si datamaskin. Dei får bok og blyant, dei får teikna, klippa og lima. Så får dei prøva å pusla og snakka med rektor. Samstundes får foreldra ein del førehandsinformasjon om det som skjer framover mot skulestart. Informasjon blir utveksla. Det er kjempekjekt å helse på alle dei nye borna som er så klar til å begynna.

Så kjem vitjinga på skulen og helsing på dei som skal bli fadrane deira når dei begynner. Fredag 14. mars hadde 1.-4. klasse kulturtime. Då var alle dei nye førsteklassingane innbedne til skulen. Dei fekk høyra kor flinke dei som går på skulen er blitt til å lesa og syngja og fortelja. Dei blei ønskt skikkeleg velkomne med opprop og skulemedalje. Etter kulturtimen kom 5. klassingane og tok dei med seg til nysteikte lappar, saft, eventyr, song og kos.



Medaljene er på plass hjå nokon, medan andre ventar spent på at navnet skal bli ropt opp.

Ei kjekk stund både for vertar og gjestar. Og så vart det ikkje skummelt å begynna på skulen – berre kjekt!

Austebygd skule i Bronsealderen

I ein måned har elevar og lærarar på 1.-4. trinn levd seg inn i bronsealderen. Dette har vore eit tema som me har arbeidd mykje med, og elevane har vist stor interessa og engasjement for å læra mest mogeleg.

Afå vita korleis våre forfedrar levde for mange tusen år sidan, er spennande i seg sjølv. Her gjaldt det å leva seg så godt ein kunne inn i bronsealderfolka sine måtar å leva på. Klede, mat, reiskapar og buplassar prøvde me å få så likt som mogeleg. Heldigvis hadde me mykje dyreskinn til å kle oss ut med. Me skulle og ut og steikja hellekaker på bål, men veret gjorde at det vart inneaker.

Me har laga store, fargerike bilete av dagleglivet i bronsealderen. Reiskapar, smykke og spenne har me laga så godt me kunne. Her har foreldra vore med og hjelpt til. Me har til og med fått ein sann kopi av eit langhus som viser på ein svært fin måte korleis livet verkeleg var.

Alt arbeidet om bronsealderen munna ut i ei stor foreldre/elev fest. Då var omlag 80 - 90 personar med stort og smått samla i gymsalen. Her vart bronsealderen presentert på ulike måtar. Gjennom powerpoint såg ein bilete og tekst om bronsealderen. Kvar basisgruppa viste så fram sine skodespel. Då var dei bronsealderfolk så godt ein kunne.

Programmet vart bunde saman med nokre gamle gode songar. Foreldra hadde ansvar for mat og servering. Trur alle som var der kosa seg.

TORUNN HOVDEN
rektor



Mathias, Fredrik, Sebastian og Chris André i skodespelet frå bronsealderen.

Ynskjer du å jobba som lærling?

Radøy kommune har som målsetjing å ha 11 lærlingar under opplæring til ei kvar tid.

For 2008 har Radøy kommune ledig læreplass innan følgjande fag:

- helsefagarbeidar
- barne- og ungdomsarbeider
- institusjonskokkefaget

Lærlingar som byrjar i Radøy kommune, vil som regel arbeide i dei ulike skulane og barnehagane innan barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsefagarbeidarane vil arbeide i BF-bustadar, institusjon og i Heimetenesta i pleie og omsorg.

For å bli lærling må du ha:

- eit relevant grunnkurs (VK1) og VK 1 (VK2). Du kan også søkje dersom du har tek 3 PÅ etter VK 1 (VK2) eller på annan måte er kvalifisert til å bli teken opp som lærling
- initiativ og eigenskaper som: å vera punktleg og ansvarleg
- lite frávær (dersom du har mykje frávær, må det dokumenterast)
- personleg eigenskaper i forhold til faget du ønskjer å lære meir om

Framdriftsplan:

1. Du må sende ein personleg søknad snarast. Kopi av vitnemål/årskursbevis, karakterutskrift frå siste termin etc. legg du ved søknaden.
2. Du kan bli kalla inn til eit intervju i løpet av mai
3. Du kan få tilbod om læreplass i juni
4. Læretida startar i august

Dette får du som lærling i Radøy kommune

- god opplæring
- tariffesta vilkår
- gode kollegaer i eit travelt, men triveleg arbeids- og læremiljø
- moglegheiter for jobb etter læretida

Kontaktpersonar:

Dersom du har spørsmål om fagopplæringa i Radøy kommune, ta kontakt med Nina Kvamme Leknes eller Helge Vallestad å telefon 56 34 90 00.

Vil du verta lærar i Radøy kommune?

Frå 01.08.08 kan det verta ledig eit tal faste stillingar (heile st./timelærer st.) og vikariat skuleåret 2008/2009, ev. deler av skuleåret. Samla skal alle fag/klassesteg dekkjast, men kommunen vil ha trong for logoped/spesialpedagog og lærarar som har kompetanse innan IKT, kroppsøving, musikk og matematikk.

Generell informasjon til søkarane:

Det må gå fram av søknaden om ein har særlege ønske om å undervisa på barne- eller ungdomstrinnet og om ein er interessert i delstillingar. Aktuelle søkjarar kan verta kalla inn til intervju. Arbeids- og lønsvilkår i samsvar med gjeldande retningslinjer. Målforma i kommunen er nynorsk. Søkjar må legge ved rettkjende kopiar av vitnemål,

tenesteattestar, ev. referansar og kronologisk oppstilling av teneste i skulen/institusjon med stillingsstorleik (både før og etter godkjend utdanning). I samsvar med opplæringsslova vil det ved tilsetjing verta kravd politiattest. Nærare opplysningar tlf. 56 34 90 25 – Helge Vallestad.

Første tilsetjingsrunde i april med supplerande tilsetjing fram til skulestart. Søkjarar må nytta skjema for søknad om lærarstilling som ein finn på Radøy kommune sine heimesider. Søknad skal sendast Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 Manger.

Søknadsfrist: snarast.

Tilkallingsvikarar

Radøy kommune søker etter vikarar / tilkallingsvikar til arbeid innan pleie og omsorg og skule / barnehage.

I pleie og omsorg ønskjer me primært søkjarar som har erfaring frå tilsvarande arbeid eller som er i utdanning innan hjelpepleie, omsorgsarbeid, sjukepleie eller vernepleie, men søkjarar med annan bakgrunn er også aktuelle.

Kontakt Nina Kvamme Leknes på 56 34 90 00 eller den avdelinga du helst vil arbeid som tilkallingsvikar.

Søkjarar til skule / barnehage må ha tilfredstillande polititattest som må veverast når ein har avtalt første vakta si.

Ferievikarar

Radøy kommune søker etter ferievikarar innan pleie og omsorg for avvikling av hovudferie i 2008 i veke 25 - 33.

Ønskjer søkjarar som har erfaring frå tilsvarande arbeid eller som er i utdanning innan hjelpepleie, omsorgsarbeid, sjukepleie eller vernepleie. Søkjarar med annan bakgrunn er også aktuelle.

Radøy kommune treng ferievikarar til følgjande avdelingar:

Velferdssenteret:	nattevakter, pleiepersonale dag/kveld og reinhaldarar.
Hordabøheimen:	nattevakter, pleiepersonale dag/kveld, reinhaldarar.
Heimetenesta:	pleiepersonale og heimhjelparar på dag/kveld. NB! Må ha sertifikat og helst disponere bil.
Nattpatruljen:	pleiepersonale. NB! Må ha sertifikat.
Kommunal kjøkkendrift:	kjøkkenpersonale
Bustader for funksjonshemma:	nattevakter, miljøarbeidarar på dag/kveld.
Radøy legesenter:	helsesekretær.

Send kortfatta søknad (gjerne på søknadsskjema som du får hjå kommunen eller på www.radoy.kommune.no) som inneheld namn, adresse, tlf., utdanning og relevant praksis.

Nærare opplysningar får ein hjå personalrådgjevar Kjetil Morken tlf: 56 34 90 07. Søknaden vert å senda til Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 Manger, snarast råd.

Velkommen til nye tilsette i kommunen!



Gunn Bråtveit er tilsett i stilling som hjelpepleiar ved Heimetenesta. Gunn er 46 år og bur på Sletta på Radøy. Gunn har

utdanninga si frå Haugesund og har no teke til på ei vidareutdanning. Gunn har arbeidd fleire plassar og fleire år i Haugesund kommune. Gunn har arbeidd i Radøy kommune i fleire vikariat sidan mai 2006. Gunn tiltrer no ei fast stilling i heimetenesta.



Carina Granheim Villanger er fødd i 1978 og er utdanna omsorgsarbeidar. Carina bur i Bøvågen på Radøy og har arbeidd ei tid

i ulike vikariat og stillinga i heimetenesta. Carina har arbeidd mellom anna i Rana kommune før ho kom til Radøy. Carina tiltrer ei fast stilling i heimetenesta.

NAV Radøy opnar 5. juni

5. juni vert NAV Radøy opna. NAV trygd og NAV arbeid vert no samordna med sosialkontoret i Radøy. Nye flotte lokale står klare i 2. etg. på COOP bygget.

Annie-Lise Mjåtvedt er tilsett som leiar av NAV kontoret. Mjåtvedt er utdanna cand.polit. med diverse samfunnsfag og hovudfag i samanliknande politikk. Ho har mange år bak seg i Aetat/NAV Arbeid og sosialteneste, og har i tillegg jobba hjå fylkeslegen.

– Eg møter mange utfordringar som ny i trygdeataten. Mykje av arbeidet bestod av forvaltningsoppgåver, utbetalingar og rekneskap, noko eg ikkje hadde så mykje erfaring med tidlegare. Etter kvart har oppgåvene blitt meir like dei eg hadde tidlegare hadde i Nav arbeid, seier Mjåtvedt til nav.no.

Etableringsprosessen mot å bli eit fullverdig NAV-kontor har vore ei stor, men samtidig spanande utfordring for Mjåtvedt så langt. Denne prosessen er no i slutfasen.

– Framover blir utfordringa å integrere både sosial, trygd og arbeid sine tenester i same kontor, og gje brukarane betre og meir samordna tenester, fortel ho.

– Dessutan skal fleire medarbeidarar byrje med nye oppgåver og arbeide på ein ny måte. Dette er krevande for alle medarbeidarar, kanskje spesielt for leiaren. I vårt kontor har vi god kompetanse til å møte dei nye utfordringane, seier Mjåtvedt, som samtidig peikar på at sjølv omstillinga og ombygginga tek mykje energi.

– Det skal bli godt når alt dette er på plass og vi kan konsentrere oss om oppgåva med å gje brukarane eit godt tilbud.



RADØY KOMMUNE

Krossvegen 8 – 5936 Manger – Telefon sentralbord: 56 34 90 00 – Telefax: 56 34 90 01
E-post til Radøy kommune: postmottak@radoy.kommune.no
E-post til ordførar Jon Askeland: jon.askeland@radoy.kommune.no
E-post til RadøyNytt redaksjonen: rune.rydland@radoy.kommune.no

Ny kafè på Manger

Kaffikrokjen



Sølvi Mangerøy, Bjørg Tunes Floen og Frode Erstad

Etter lang tid med planleggjing og oppussing opna kafeen “Kaffikrokjen” i Coopbygget på Manger 14. desember 2007. Rådmann, ordførar og kulturkonsulent var tilstades og foretok den offisielle opninga og avsløringa av namnevalet.

Ein kafè har lenge vore eit etterspurt og sakna tilbud på Radøy. “Kaffikrokjen” skal drivast av den kommunale verksemda P.L. Arbeid og opplæring, i samarbeid med psykiatritenesta i kommunen. Kafelokalet er lite og intimt, men dei ansvarlege meiner at det er godt utnytta. Tilbakemeldingar frå gjestane har iallfall vore at kafelokalet er både lyst og triveleg. “Kaffikrokjen” sel vaffer, kaffi, rundstykker, baguettar, kakestykke, med meir. I tillegg sel ein kaker frå frys som er produserte i kantina på Storsandvik.

Dei som jobbar på kafeen seier at dei trivst godt og føler seg godt mottekne i senteret. «Kaffikrokjen» har allereie fått sine stamgjester og andre bedrifter på Manger er flinke å støtta opp om kafeen. Mange kjem innom og kjøper lunchen sin her. Det er viktig at folk er flinke å bruka tilbodet no når ein har fått ein kafe på Radøy.

Opningstidene er måndag til fredag frå kl 0930 til 1545. **Rådmann Christian Fotland seier at det er ønskeleg med laurdagsope, men då treng me hjelp i frå eit lag eller ein organisasjon. Han seier at dersom eit lag har interesse for å halde open kafe laurdagen vil laget sjølvsgt behalde inntektene.** Ta kontakt med Nina Kvamme Leknes i Radøy kommune på tlf. 56 34 90 13 dersom dette er av interesse.

Rydding og vedlikehald

I januar i år byrja verkstadavdelinga på P.L. med rydding i sentrum av Manger.

På oppdrag frå Manger Huseigarforening skal verkstadavdelinga ha ansvar for bossplukking, kosting av fortau, fjerning av ugras, planting og anna vedlikehald i bed og grøntområde i og rundt senterområdet.

Frå å ha vore ein rein treverkstad har denne avdelinga no i tillegg byrja med andre oppdrag, til dømes ei utegruppe som m.a. tek seg av rydding i Manger sentrum og som har ansvar for stell av såkalla legatgraver, på oppdrag frå kyrkjekontoret. I framtida vurderer ein å ta på seg liknande rydde og vedlikehaldsoppdrag for både bedrifter og private. Geir Olav Repål frå PL seier at dei tek imot ulike ryddeoppdrag, og at det er berre til å ta kontakt for meir informasjon på tlf. 56 37 14 90.

Utegruppa har nyleg fått seg nye arbeidsklede til utebruk og er godt synlege når dei er på uteoppdrag!



Geir Olav Repål har med seg Idar Neteland, Benjamin Hole og Thomas Torkelson på rydding i Manger sentrum.



RADØY
den grøne øya